

Ny flytebryggje til 960 000

30.09.2014



Alutec jobba raskt og sikkert

Den nye flytebryggja til 960 000 kroner har vore under montering i dag og Johan Sunde i båtlaget opplysar at den vil få plass for 47 båtar. Bryggja er 2 meter lenger enn den noverande, som sårt trengte avløyning. Den hadde store rustskader.

- Den gamle bryggja heldt stand i 35 år og vi får håpa at den nye i alle fall klarer 40 år, seier Sunde som er svært godt fornøgd med bryggja og monteringsjobben. Den er det firmaet Alutec i Osøyri som har hatt.

- Dei reiser land og strand rundt og er svært profesjonelle, er attesten hans.

I det heile har 'Operasjon flytebrygge' gått smertefritt og da siktar vi også til opptak av båtene og fjerning av den gamle og slitne bryggja.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Firma Døsen tok dei tunge lyfta